



Statsråden

Stortingets kommunal- og forvaltningskomite
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/1550-3

19. april 2024

Dokument 8:121S (2023-2024) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Hilde Marie Gaebpie Danielsen og Birgit Oline Kjerstad om stans av nye hyttefelt

Eg viser til brev frå Stortingets kommunal- og forvaltningskomité av 4. april 2024 og representantforslag 8:121S (2023-2024) om stans av nye hyttefelt. Under følger kommentarar til forslaga i representantforslaget. Svaret er utarbeidd i samarbeid med Energidepartementet.

2. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å innføre en foreldelsesfrist på reguleringsplaner

Det følgjer av plan- og bygningslova at reguleringsplanar gjeld inntil dei blir oppheva eller endra. Det er to unntak frå dette. For det fyrste gjeld nye planar føre eldre planar. Det inneber at ein eldre reguleringsplan som tillèt bygging av fritidsbustader ikkje kan gjennomførast viss området blir sett av til landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift (LNFR-område) i ein nyare plan, til dømes kommuneplanens arealdel. Det andre unntaket gjeld reguleringsplanar som er vedtekne på grunnlag av private reguleringsforslag. Om gjennomføringa av ein slik plan ikkje er starta innan ti år etter at han blei vedteken, skal kommunen sjå til at planen i nødvendig grad er oppdatert, før dei avgjer byggjesøknader for nye utbyggingsområde etter planen.

Plan- og bygningslova hadde tidlegare ei fråsegn om at reguleringsplanar som var vedtekne på grunnlag av private forslag og som var eldre enn fem år, automatisk mista sin rettskraft. Denne fråsegna blei erstatta av dagens fråsegn om at kommunen skal vurdere reguleringsplanar som er eldre enn 10 år. Bakgrunnen for endringa var at fristen på fem år vart sett på

som kostnadskrevjande og bidro til uvisse om finansiering og gjennomføring for utbyggjar, kommunar og andre styresmakter.

Oppdaterte planar er viktig for at samfunns- og arealutviklinga skal gå i den retninga som kommunen ønskjer. Dette er framheva i regjeringa sine nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027. Plan- og bygningslova stiller krav om at kommunane vedtar ein kommunal planstrategi innan eitt år etter at nytt kommunestyre er valt. I arbeidet med planstrategien skal kommunen ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast eller bli vidareført utan endringar. Kommunen kan også ta stilling til om dei treng å utarbeide nye planar eller revidere og oppheve gjeldande planar.

Når det gjeld fritidsbustader er det viktig at kommunane vurderer om kommuneplanens arealdel og gjeldande reguleringsplanar følgjer kommunens politikk for fritidsbustader og om dei er i tråd med nasjonale og viktige regionale mål. Planar som ikkje er i tråd med nasjonale føringar eller regionale planer eller ikkje gir tilstrekkeleg styring med utbygginga, bør kommunen vurdere å oppheve eller endre. Kommunal- og distriktsdepartementet har gitt råd om dette i Rettleiar om planlegging av fritidsbustader. Departementet har også sett i gang arbeid med ein rettleiar om revisjon av kommunale arealplanar, såkalla planvask.

Eg meiner at kommunane har dei nødvendige verkemidla til å oppheve, endre eller erstatte gjeldande reguleringsplanar med nye planer, og at det ikkje er behov for å innføre ein frist for forelding av slike planar. Eg tilrår derfor at forslaget ikkje blir vedteke.

3. Stortinget ber regjeringa vurdere tiltak som sikrer at nye hyttefelt ikkje tilknyttast strømnettet

Kommunane kan ikkje regulere energiløysingar i hyttefelt gjennom plan- og bygningslova. Unntaket gjeld føresegnar om tilknytning til fjernvarmeanlegg i område der eit fjernvarmeselskap har områdekonsesjon. Kommunane kan likevel redusere energiforbruket i nye hyttefelt gjennom god planlegging. Dette handlar om lokalisering og plassering av hyttene ut frå kunnskap om lokalklima, utforming og storleik på fritidsbustadane og tilrettelegging for at fritidsbustadane kan ha fleire energiberarar i tillegg til elektrisk straum. I hyttefelt med liten avstand mellom hyttene er det relevant å vurdere felles løysingar for oppvarming. Dette bør gjerast tidleg i planlegginga.

Nettselskapa er i dag forplikta til å likebehandle kundane etter energilova. For nett med spenning på 22 kV og lågare har nettselskapa leveringsplikt, som mellom anna inneber ei plikt til å tilknytte nye forbrukskundar til straumnettet. Leveringsplikta gjeld også dersom det må investerast i nettet, men i så fall må kundane som utløyser investeringa betale sin del av investeringskostnaden gjennom anleggsbidrag. Reguleringsmyndigheita for energi (RME) kan dispensere frå leveringsplikta når særlege grunner tilseier det. Grunnlaget for å gje dispensasjon vurderast konkret i den einssilde sak.

Regjeringa meiner det ikkje er ei god løysing å nekte straum til alle nye fritidsbustader. Det er kommunane som er reguleringsmynde. Det sikrar både at folk får moglegheit til å vere med og påverke korleis lokalsamfunnet sitt skal utvikle seg gjennom det kommunale sjølvstyret, og at avgjerdene blir tatt på bakgrunn av både god fagkunnskap og lokalkunnskap. Eg vil sterkt åtvare mot å gje statlege energistyresmakter indirekte reguleringsmynde i spørsmål om hyttebygging i kommunane gjennom reglane om tilknytning til straumnett. Sjølv om ein legg premissa frå forslagsstillarane til grunn vil det vere ei lite hensiktsmessig endring. I det store biletet utgjer etterspurnaden etter energi og effekt frå nye fritidsbustader ein særst liten del av den samla etterspurnaden, og tiltaket er lite egna som verkemiddel for å frigjere kraft til andre føremål. På denne bakgrunn tilrår eg at dette forslaget ikkje blir vedteke.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Erling Sande', written in a cursive style.

Erling Sande